

Jens og Lina Førsund:

Gode minner frå julefeiringa i Lavik

Det er ein av dei siste dagane i november. Solskiva syner seg så vidt over fjella over Førde innerst i Fuglsetfjorden og kastar sine siste 1988-strålar inn i stova til Jens og Lina Førsund. Det har gått nøyaktig 14 år sidan dei flytta frå prestegarden i Lavik og byrja sine pensjonist-dagar på garden heime på Førsund. Dagar som har gjeve tid for ettertanke og refleksjon. No ser dei framover til ei roleg julefeiring i heimen saman med sonen Jens Ingvard som kjem heim frå Taiwan.

Gjennom 26 år feira de julehøgtid som prestefolk i Lavik. Kva minnest de frå den tida?

Når vi minnest 1. juledag i Lavik, må vi tenke på julesalma:

«Fra fjord og fjære og fjell og dype dal et »Ære være!» i dag gjenlyde skal.»

Vi ser for oss dei som kom over fjorden, båtane frå Ikkjefjord,

vi hugsar dei som kom frå Lavikdalen, dei som kom gåande nede frå bygda.

Dei fleste hadde sine faste plassar i kyrkja. Vi kan enno høyre for oss songen frå Kjørås-benken. Det var forresten mange den gongen som var flinke til å synge, kanskje først og fremst alle dei som kom ned frå Lavikdalen.

Kva er det de især saknar når de feirar jul her borte på Førsund?

Vi saknar t.d. å høyre kimminga frå klokken når jula vert ringd inn julaftan. Klokka 5 byrja han Einar ringinga som markerte at no var det julehelg. Her vi bur no kan vi ikkje høyre kyrkjeklokkene. Klokka 10 første juledag ringde han Einar på nytt med klokkene og kalla inn til gudsteneste, så fyrde han i vedomnane i kyrkja. Noko som gav ei eiga stemning og høgtid.



Var presten mange stader julaftan?

Julaftan vart først og fremst nytta til å vitje gamle og sjuke. Det var fast rutine å vere på Helseheimen frå klokka 16 og utover. Der hadde ein andakt, gong rundt juletre, servering og ein song julesongar saman.

Vi er samde om, seier Lina, at minnene frå både julehøgtida og kvardag i Lavik er gode å hente fram att.

Vi er no komne inn i alderdommen både Jens og eg, men alderdommen har også si lukke. Lat meg illustrere det med eit lite vers av diktaren Oehlenschläger:

*Lær meg skov at visne glad
å tenke trots det gule blad:
En bedre vår vil komme.
Da livets tre skal herlig stå
og sine dype røtter slå
i evighetens sommer.*

Geir Sørebo

Den julen husker jeg godt

Det nærmet seg julaftan. Jeg var vel 7-8 år og ventet spent og forventningsfullt på jula. Mamma satt ved «takka» i kjelleren og bakte potetlelse, som alltid lille juleaftan. Ute var det mørkt og bitende kaldt. Masse snø og på himmelen lyste rader av stjerner så klare og fine. Riktig den rette julestemningen.

Så banket det på døra. Var det nissen allerede? Ja, nesten. En mann kom inn med et stort ferdigpyntet juletre og masse pakker. Alt kom på plass i stua, mamma ble ropt opp fra lefsebaksten og alle sto med store, forundra øyne og så på det fine skinnende treet.

Aldri hadde jeg sett noe så flott. Det lyste og skinte som bare

et tre med elektriske lys kan gjøre, og i toppen en fin lysende stjerne. Det ble riktig en opplevelse for en liten jente.

Treet hadde vi vunnet, og det var første jula vi hadde elektriske lys på juletreet. Det ble en spesiell jul det året.

Karin Berge